

130.000 for kalkning i 2 år

10.02.2011



Kalkdoseraren har verke etter hensikten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen sine utbetalingar i 2010 og 2011 for drift av kalkdoseraren og vedlikehald av tilkomstvegen dit vil liggja nær 130.000.**

**Det opplyser  
saksbehandlar Arne Gjellan i ein søknad til Fylkesmannen.**

Kommunen finn ikkje under avslutninga av rekneskapen dekning foir denne summen og ber difor om at inntil 130.000 eller 60.000 for fjaråret vert overført snarast til kommunen sin konto.

I dag har kommunen inga avtale om at utgiftene skal dekkjast direkte ev fylkesmannen eller av midlar som er overført i forkant. Kommunen ber om at ein i år finn fram til ein meir effektiv kostnadsdekning for utført kalkning i Uskedalen og eventuelle andre lokalitetar gjennom ein formell avtale med fylkesmannen.

Summen for fjaråret fordelar seg med 25.000 til vassprøver og porto, 24.000 til reparasjon og vedlikehald av tilkomstveg ved lokal antreprenør og 11.000 til mobil-dekning frå kalkdoseraren samt straum.

Utgiftene blir minst like store i år, har leiar av grunn- og elveeigarlaget Kåre Vetrhus opplyst.

Forskarane frå Bergen som gjer ein grundig observasjonsjobb i vassdraget trakk etter tellinga av ungfisk ved elektrofiske sist haust den positive konklusjon at hensikten med kalkninga var oppnådd og at resultatet er svært bra. Det er all grunn til å vera fornøgd med tettleiken av fiisk på maksimalt 20 centimeter

både av laks og sjøaure, slo dei fast etter å ha tråla elva frå Fjellandsbøvatnet til fjorden.

Av Ola Matti Mathisen